

TASSMYRHAUGEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Anders Tordsen 1790-1863 var frå Odden i Ottdalen, han var gift med Barbro Olsdotter frå plassen Valbjørseige. I 1834 var familien i Lien under Rusnes. Og i 1838 var dei husmenn på Holshaugen under Mo, men rundt 1840 har dei brote i Tassmyrhaugen og flytta dit. Anders Tassmyrhaugen var tømrar og er i ettertid rekna som ein av dei beste treskjærarane. Anders og Barbro hadde barna

Eli f. 1819, gift 1853 med Hans Jacobsen Sandneshagen f. 1829, i Ulsbustugu 1854-1857

Tor 1822-1861, også ein god treskjærar

Ola 1824-1827

Per f. 1827, gift med Rønnaug Johannesdotter, budde i øvre Kleiven 1865

Ola f. 1830, flytte til Dovre 1855, gift med Marit Skjellstadbakka

Rannei f. 1834, utflytt til Rennebu i 1876, budde i 1865 i øvre

Kleiven saman med sonen Ole Hansen f. 1861

Anders f. 1838, budde i 1865 i øvre Kleiven, flytte til Lom og gift med Embjør Kværnstuen, seinare gift med Marit Åteigen på Dovre

Marit f. 1841, gift 1871 med Peder Knutsen Skultbakken f. ca. 1846, familien til Amerika i 1879

Tor gifta seg i 1850 med Ingri Erlandsdotter Skålen 1821-1903, men han døydde i 1861 39 år gammal. I 1865 var enkja Ingri Erlandsdotter husmor i Tassmyrhaugen. Ho hadde barna

Anders Thorsen 1851-1925, var ufør, døydde i Grevrusten

Erland Thorsen 1853-1854

Erland Thorsen 1855-1885

Barbro Thorsdotter 1858-1858

Barbro Thorsdotter 1859-1917, var ufør, døydde i Grevrusten

Med unntak av Erland var det desse som budde der også i 1875 og 1900. Tassmyrhaugen var statsalmenningsplass og i 1872 fekk Ingri feste på 5 år, ho fekk nytt feste i 1898. I 1900 var Ingri husmannsenke med jord.

Men i 1883 fekk sonen Erland festeseddel, plassen hadde da utan hjemmel vore brukt av mora. Erland vart i 1881 gift med Marit Syversdotter Dalestuen 1858-1945. Ho hadde før ekteskapet sonen Syver Jacobsen Dalestuen f. 1877, faren var Jacob Hansen Gudbrandstuen. Erland og Marit hadde barna

Ole f. 1881

Erland f. 1885, reiste til Amerika

Marit vart enkje i 1885, i 1896 fekk ho sonen Mathias Olsen, faren var Ole Olsen Stenstuen f. 1876. Marit vart i 1899 gift med Jakob Olsen Skjedsvold 1855-1940 og flytte til sør-Skjedsvoll, dei fekk barna Kari f. 1898 og Ole f. 1900.

Barbro Torsdotter fekk feste på bruket i 1904. Som nemnd var ho i Grevrusten da ho døydde i 1917. Broren Anders som var sterkt ufør budde i Grevrusten dei siste åra til han døydde i 1925.

Tassmyrhaugen vart skyldsett i 1943 som gnr. 91 bnr. 2. Henrik Resvold dreiv i 1940-åra bruket saman med Kleiven.

Tassmyrhaugen har sidan følgd nedre Kleiven, slik at eigarar har vore Marttingsdal, Frelsesarmeen og Ingrid Halsne.

I 1875 var det på Tassmyrhaugen 1 sau og 5 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg og nesten ½ tønne poteter.

Kjelder: Ivar Flatum, Årbok 1981: Anders Tassmyrhaugen, s. 37

Erland Grev, Årbok 1981: Muntleg overlevering um Tassmyrhaugjin, s. 49

Anders Skrede, Årbok 1950: Anders Tassmyrhaugen, s. 48

Ingrid Halsne: munnleg fortald

Folketelling 1865, 1875, 1900

Panteregister

Festekontrakter

Utskrifter kyrkjebok for Vågå